



Klart til avgang med 10 kyr, 10 kalvar og 3 personar!

**I dag gjekk det føre seg ein høgst spesiell transport frå Eikelandet i Uskedalen til Søre Skorpevågen på Skorpo:
Plassert på ein stålflåte vart 10 kyr og
10' kalvar slept over Storsundet, ein avstand på halvannen kilometer.**

Dei som sto for denne buferda til sjøs og eig beisto gjennomførte operasjonen smertefritt sjølv om det bles litt også i dag. Oscar Langballe, Tor Jarle Kjærland og Marita Kjærland (dotter) kalla det heile eit eksperiment. Det var vellukka og no kan dyra av kjøttrasen Aberdeen Angus og Aberdeen Angus blanda med Simmental nytta sommaren i det Tor Jarle kallar Oscars feriekoloni!



[Slepet over sundet gjekk utan komplikasjonar](#)

Ikkje overraskande var det Gustad Bergstø som laga denne flåten saman med Asbjørn Olsen og av utrangerte panner frå Søral. Båten til Oscar vart nytta til slepeoperasjonen.

Oppfinnaren og tusenkunstnaren

laga flåten nettopp for transport av dyr - han frakta dei til dømes frå Snilstveitøy til Uskedalen som ledd i eitt av sine mange prosjekt.

No har Tor Jarle kjøpt flåten for ein symbolsk sum av Asbjørn.

Den har ein lastekapasitet på 14 tonn og det har vore transportert ein gravemaskin på han. Difor var det uproblematisk å lasta ombord ein heil bøling, særleg når dyra sto inne i eit fastsveisa kve. Det var ingen fære for at dei skulle stryka til sjøs.sjølv om det kom nokre vindkast. Heile transporten tok ein times tid og bølingen kom på land på få minuttar etterat målet var nådd..

Dei to fastbuande har også dyr på Skorpo - det er med andre ord rikig livleg der - med både to- og firbeinte.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Flåten kan ta 14 tonn!